



NIBIO

NORSK INSTITUTT FOR
BIOØKONOMI

PRESSEMELDING FRÅ NIBIO, 05.12.2019: Jordbruket for landet 2018

Tørke svekka jordbruksinntektene i 2018

Tørke i store delar av Sør-Noreg reduserte avlingar og driftsresultat for jordbruket i 2018. Prisedgang på kjøt og auka kostnader svekka også resultatet. Det er andre år på rad med inntektsnedgang i jordbruket. Det er stor variasjon i inntektsutviklinga mellom ulike driftsformer og regionar. Sau og frukt og bær auka inntektene, mjølk gjekk litt ned medan korn hadde eit katastrofeår i 2018.

Det viser dei årlege driftsgranskingane utført av Norsk institutt for bioøkonomi (NIBIO). Driftsgranskingane omfattar rekneskapstal frå 916 bruk fordelt over heile landet.

Nedgang i inntekter og auka effektivitet

Jordbruksinntektene gjekk ned med kr 35 800, til kr 287 500 per årsverk i 2018.

Inntektsnivået var høgast på Austlandet andre bygder med kr 318 800, etterfølgd av Nord-Noreg med kr 315 100 per årsverk.

Arealet per bruk auka med 16 dekar, til i snitt 402 dekar. Produksjonsomfanget per driftseining auka, og arbeidsinnsatsen var uendra med 1,6 årsverk per bruk.

Størst nedgang for korn

Lågast jordbruksinntekt av dei presenterte driftsformene hadde korn med negativ inntekt på minus kr 84 000 per årsverk. Låg avling på grunn av tørke er hovudårsak til det dårlege resultatet.

Mjølkeprodusentane oppnådde kr 321 500 per årsverk, ein nedgang på 6 prosent frå 2017.

Geitmjølke hadde ein auke i jordbruksinntektene på 2 prosent. Frukt og bær auka med 23 prosent.

Kostnadene auka meir enn inntektene

Generelt var det ein auke i produksjonsinntekter på 4 prosent som følgje av volum- og tilskotsauke.

Kostnadene auka med 8 prosent. Kostnader til innkjøp av fôr auka med 12 prosent, noko som kan skuldast låge grasavlingar på grunn av tørke. Kostnader til maskinleige, leasing og energi auka også mykje siste året.

Framleis høgt investeringsnivå

Gjennomsnittleg nettoinvestering per bruk auka frå kr 126 500 i 2017 til kr 203 100 i 2018, ein auke på 60 prosent. Investeringsnivået er framleis høgt, og dei store bruka investerer mest. Det vart investert i maskiner, bygningar, jord og mjølkekvote. Høgast nettoinvestering var det i Trøndelag og på Austlandet.

Gjelda auka med 12 prosent i snitt per bruk. Gjeldsdelen for driftsgranskingsbruka var 49 prosent i 2018, ein auke på 2 prosentpoeng. Rentekostnaden auka med 11 prosent grunna auka gjeldsnivå.



NIBIO

NORSK INSTITUTT FOR
BIOØKONOMI

PRESSEMELDING FRÅ NIBIO, 05.12.2019: Jordbruket for landet 2018

Jordbruket sin del av samla inntekt gjekk ned

Nettoinntekta for brukarfamilien var på kr 945 600 i 2018, ein nedgang på kr 8 000 frå 2017. I nettoinntekt inngår alle inntekter for brukarfamilien, både i og utanfor bruket, med frådrag av gjeldsrenter og kår.

Jordbrukets del av brukarfamiliens samla inntekter var 36 prosent, 4 prosentpoeng lågare enn i 2017. Bidrag frå tilleggsnæringar med basis i ressursane på bruket stod for 8 prosent, og skogbruket for 2 prosent av samla inntekter. Løsinntekter utgjorde 43 prosent, mot 40 prosent i 2017.

Jordbruksfrådrag

Skattefordel for jordbruket i form av jordbruksfrådrag, tilsvarer ekstra inntekt på kr 33 000 per årsverk. Dette kjem i tillegg til jordbruksinntekta, og inngår ikkje i nokon av resultatmåla over. Samla årsverksinntekt blir da kr 320 500 per årsverk, ein nedgang på 10 prosent frå 2017.

Eiga skogundersøking viser auke aktivitet og resultat

For 120 gardsbruk med skog er det utført ei eiga undersøking. Det gjennomsnittlege skogarealet på desse bruka er 1 500 dekar.

Gjennomsnittleg driftsoverskot per skogbrukseigedom var kr 81 900, ein auke på kr 44 800 frå 2017. Auka avverking og høgare prisar på virke er årsaker til auken.

Kontaktpersonar ved NIBIO

Torbjørn Haukås

Seniorrådgjevar, divisjon Kart og statistikk

Telefon: 476 58 552 / 992 61 920

E-post: torbjorn.haukas@nibio.no

Eva Øvren

Seniorrådgjevar, divisjon Kart og statistikk

Telefon: 902 89 619

E-post: eva.ovren@nibio.no

Sjå meir informasjon og utfyllande talmaterial på: www.nibio.no

Ordforklaringar

Jordbruksinntekta blir målt som løn til alt arbeid og rente på eigenkapital per årsverk.

Skattefordel for bønder er skattelette i form av eit ekstra jordbruksfrådrag i allmenn inntekt. Det blir rekna ein inntektsverknad av skatteletten tilsvarande den inntekta ein må ha for å oppnå same kjøpekraft som skatteletten genererer.

Kår er ei kontraktfesta yting til tidlegare eigar.

Leasing er langtidsleige, som oftast av maskiner eller inventar.